



**ROGALAND
FYLKESKOMMUNE**

Rogaland fylkeskommune

Ordensreglement for elevar i vidaregåande skolar i Rogaland

Forskrift

Ordensreglement for elevar i vidaregåande skolar i Rogaland er gitt med heimel i "Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa av 17. juli 1998 nr. 61 § 3-7".

Vedtatt i Fylkestinget 7. juni 2011.

Nynorsk

Gjeld frå 1. august 2011.

Innhold

	Side
Kapittel 1: Formål og verkeområde	3
1.1 <i>Formål</i>	
1.2 <i>Verkeområde</i>	
Kapittel 2: Rettane til eleven	3
2.1 <i>Generelt</i>	
2.2 <i>Elevdemokrati</i>	
2.3 <i>Psykososialt opplæringsmiljø</i>	
2.4 <i>Gratisprinsippet</i>	
Kapittel 3: Plikter for eleven, orden og åtferd	4
3.1 <i>Generelt</i>	
3.2 <i>Orden</i>	
3.3 <i>Åtferd</i>	
3.4 <i>Karakter i orden og i åtferd</i>	
Kapittel 4: Permisjon og fråvær	4
4.1 <i>Permisjon</i>	
4.2 <i>Fråvær</i>	
Kapittel 5: Refsingstiltak ved brot på ordensreglementet	5
5.1 <i>Refsingstiltak utan klagerett</i>	
5.2 <i>Refsingstiltak med klagerett</i>	
Kapittel 6: Saksbehandling ved refsingstiltak	6
Kapittel 7: Utfyllande retningslinjer	6

Kapittel 1: Formål og verkeområde

1.1 Formål

Formålet med ordensreglementet er å bidra til samarbeid, trivsel og respekt for kvarandre. Reglementet skal fremja god orden og gode arbeidsvanar slik at læringsmiljøet blir best mogleg.

1.2 Verkeområde

Ordensreglementet gjeld for elevar ved dei fylkeskommunale vidaregåande skolane i Rogaland. Reglementet gjeld på skoleområdet, i nærområdet til skolen i skoletida, på skolevegen, på læringsplattformen til skolen, ved ekskursjonar og ved andre aktivitetar i regi av skolen, uavhengig av tid og stad. Reglementet gjeld også andre forhold som har klar samanheng med skolegangen.

Kapittel 2: Rettane til eleven

2.1 Generelt

Elevane har rett til eit opplæringstilbod som er i samsvar med opplæringslova med forskrifter.

2.2 Elevdemokrati

Elevane har rett til å kunna påverka sin eigen skolekvardag, blant anna gjennom formelle organ. Det skal vera skoleutval og skolemiljøutval på kvar skole, og elevane har rett til å vera representerte i desse. Det skal også vera eit elevråd på alle skolar. Elevrådet skal arbeida for å skapa eit sosialt fellesskap, utvikla arbeids- og læringsmiljø og bidra til at rettane til elevane blir tatt vare på, jf. opplæringslova § 11 – 5,6.

<http://www.lovdatab.no/all/hl-19980717-061.html#11-5>

2.3 Psykososialt opplæringsmiljø

Skolen skal arbeida aktivt og systematisk for å fremja eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleva tryggleik og sosial tilhøyring.

Alle i skolesamfunnet har plikt til å gripa inn om dei får kunnskap eller mistanke om at elevar blir utsette for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme. Vedkommande skal snarast undersøkje saka og varsle skoleleiinga. Slike tilfelle skal registrerast i det fylkeskommunale systemet for avvikshandtering, jf. § 13.10. i opplæringslova.

I den grad det er naturleg, skal elevane vera med på planlegging og gjennomføring av det systematiske arbeidet for helse, miljø og sikkerheit ved skolen.

2.4 Gratisprinsippet

Opplæringa i offentleg vidaregåande skole eller i lærebedrift er gratis. Fylkeskommunen har ansvaret for å halda elevane med nødvendige trykte og digitale læremiddel og digitalt utstyr. Fylkeskommunen kan påleggja elevane, lærlingane og lære kandidatane å halda seg med anna individuelt utstyr som opplæringa gjer det nødvendig å ha.

I Rogaland fylkeskommune får elevane låna bøker på skolen, og dei får tilbod om å kjøpa datamaskin for eit årleg beløp tilsvarande utstyrsstipendet i Lånekassen.

Kapittel 3: Plikter for eleven, orden og åtfærd

3.1 Generelt

Eleven skal møta til og delta aktivt i opplæringa og i alle læringsoppdrag slik at læraren får grunnlag for å vurdera kompetansen i faget.

Vurdering i orden og i åtfærd er knytt til i kva for grad eleven opptre i tråd med ordensreglementet, jf. forskrift til opplæringslova § 3 – 5.

<http://www.lovdatab.no/for/sf/kd/td-20060623-0724-005.html>

3.2 Orden

- Eleven skal retta seg etter lovar, reglar og instruksar som gjeld til kvar ei tid, og følgja tilvisingar frå personalet på skolen.
- Eleven skal møta presis og skal gjera pålagt skolearbeid til avtalt tid.
- Eleven pliktar å skaffa seg, og ha med til undervisninga, det materiellet og utstyret som opplæringa krev.
- Eleven pliktar å behandla lokala til skolen, bøker og utstyr på ein forsvarleg måte.
- Alle elevar har ansvar for å halda det reint og ryddig på skolen, i nærområdet og på stader der opplæringa føregår.
- Eleven pliktar å bruka påbode verneutstyr og elles overhalda gjeldande reglar for helse, miljø og sikkerheit (HMS).
- Eleven skal varsla lærar/kontaktlærar når han må forlata skolen i opplæringstida.

3.3 Åtfærd

- Elevane skal bidra til eit godt arbeidsmiljø ved å visa omsyn og opptre høfleg, halda arbeidsro i timane og visa respekt for andre både i undervisningssituasjonar og i pausar.
- Krenkjande åtfærd (mobbing, diskriminering, rasistiske utsegn, seksuell trakassering, vald o.l.), anten fysisk, verbalt eller digitalt, blir ikkje akseptert.
- Røyking er ikkje tillate på inne- og uteområdet til skolen, og det er heller ikkje tillate å bruka snus på inneområdet til skolen.
- Å kjøpa, selja, oppbevare eller bruka rusmiddel på skoleområdet er forbode. Det er heller ikkje tillate å vera påverka av rusmiddel i skoletida eller ved aktivitetar i regi av skolen. Den enkelte skolen har utfyllande reglar for behandling av brot på dette.
- Det er ikkje tillate å ha med seg farlege gjenstandar eller våpen på skoleområdet eller ved aktivitetar i regi av skolen.
- Fusk eller forsøk på fusk vil normalt føra til nedsett karakter i åtfærd.

3.4 Karakter i orden og i åtfærd

Karakterane i orden og i åtfærd er *God*, *Nokså god* og *Lite god*. Elevane får vurdering med karakter kvart halvår. Når opplæringa er avslutta, skal eleven ha standpunktkarakter. Det er klagerett på standpunktkarakter i orden og i åtfærd, ikkje på halvårsvurdering, jf. forskrift til opplæringslova § 3 – 6. <http://www.lovdatab.no/for/sf/kd/td-20060623-0724-005.html>

Kapittel 4: Permisjon og fråvæ

4.1 Permisjon

Ved planlagt fråvæ skal ein søkja om permisjon. Normalt blir det ikkje gitt permisjon til feriereiser. Søknader om permisjon skal vera grunngitte og innleverast i god tid. Fråvæ blir ført dersom det ikkje kjem inn under unntaka i § 3-47 i forskrifta.

Rektor avgjer om det blir gitt permisjon. Mynde til å avgjera permisjonssøknader kan delegerast til avdelingsleiar.

Avgjerda er ikkje eit enkeltvedtak

4.2 Fråvær

Fråvær skal meldast så snart som mogleg i løpet av første fråværsdag. Dersom eleven må forlata skolen pga sjukdom eller andre årsaker, skal lærar eller kontaktlærar få beskjed. Skolen har rutinar for melding av fråvær.

Fråvær som ikkje er avtalt med skolen, og som ikkje er nødvendig som følgje av for eksempel helse- og velferdsgrunnar, kan reknast som brot på ordensreglementet og gi grunnlag for refsingstiltak.

Alt fråvær skal i prinsippet førast på vitnemålet. For noko fråvær kan det likevel gjerast unntak frå fråværsføring. Eleven kan krevja at fråvær på inntil 10 dagar i opplæringsåret ikkje blir ført på vitnemålet dersom det kan dokumenterast at fråværet skyldast:

- a. helse- og velferdsgrunnar
- b. arbeid som tillitsvald
- c. politisk arbeid
- d. hjelpearbeid
- e. lovpålagt oppmøte
- f. representasjon i arrangement på nasjonalt og internasjonalt nivå.

Søknad til rektor med dokumentasjon skal så langt det er mogleg leverast på førehand. Det er krav om legeattest som dokumentasjon for fråvær av helsegrunnar.

Samanhengjande enkeltfråvær kan strykast frå og med fjerde dagen, jf. forskrift til opplæringslova § 3 - 47.

<http://www.lovdatab.no/for/sf/kd/td-20060623-0724-012.html>

Eit eventuelt avslag på slik søknad skal behandlast som eit enkeltvedtak.

Kapittel 5: Refsingstiltak ved brot på ordensreglementet

Dersom eleven bryt ordensreglementet, kan skolen bruka ulike refsingstiltak. Skoleeigar kan melda straffbare forhold til politiet.

5.1 Refsingstiltak utan klagerett:

- Merknad, munnleg/skriftleg åtvaring frå lærar eller rektor
- Pålegg om oppgåver for å retta opp skade eleven har gjort (rydda søppel, vaska golv, fjerna tagging o.l.)
- Erstatningsansvar
- Beslag av ulovlege gjenstandar
- Mellombels eller permanent klassebyte
- Bortvising frå gruppa for resten av timen/arbeidsperioden eller resten av dagen
- Avgrensa tilgang til spesielle aktivitetar ved stadige brot på instruksar eller tilvisingar for slike aktivitetar
- Avgrensa tilgang til eller utestenging frå IKT-ressursane/nettverket til skolen for ein bestemd periode og omfang

5.2 Refsingstiltak med klagerett:

- Mellombels eller permanent skolebyte
- Bortvising frå skolen for lengre tid enn resten av skoledagen (rektor)
- Bortvising frå vidaregåande skole for resten av skoleåret (fylkesrådmannen)
- Tap av retten til vidaregåande opplæring for elevar som går i vidaregåande opplæring (fylkesrådmannen)

Kapittel 6: Saksbehandling ved refsingstiltak

Før det blir gjort vedtak om refsing, blant anna om bortvising eller tap av rettar, skal eleven ha anledning til å forklara seg munnleg for den som skal ta avgjerda, jf. opplæringslova § 3 – 7, siste ledd. <http://www.lovdatab.no/all/hl-19980717-061.html#3-7>

Refsingstiltak og grunngiving for desse skal vera skriftlege. Før det blir gjort vedtak om bortvising eller tap av rettar, skal ein vurderer om det er mogleg å bruka andre hjelpe- eller refsingstiltak, jf. opplæringslova § 3 – 8 <http://www.lovdatab.no/all/hl-19980717-061.html#3-7>.

Ved refsingstiltak med klagerett skal ein følgja reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Eleven har då rettar i samsvar med punkta i kapittel IV – VI i forvaltningslova. <http://www.lovdatab.no/all/hl-19670210-000.html#map004>

Vedtaket skal vera grunngitt og opplysa om klagerett, klagefrist, nærmare framgangsmåte ved klage og om retten til å sjå dokumenta i saken. Det skal også opplysast om at det er mogleg å be om utsetting av gjennomføringa, jf forvaltningslova § 42. <http://www.lovdatab.no/all/hl-19670210-000.html#map004>

Kapittel 7: Utfyllande retningslinjer

Skoleutvalet på den enkelte skolen kan vedta utfyllande retningslinjer til denne forskrifta.

Skolen skal ha rutinar for melding av fråvær og prosedyrar for behandling av eventuelle brot på reglane om rus.

Skolen skal gjera ordensreglementet kjent for elevane og gå gjennom det med dei så snart som praktisk mogleg etter skolestart.